

Nordland RV
Styresekretær Einar Jetne
Postboks 109
8860 Tjøtta

16. februar 2007

Nærings- og Handelsdepartementet
Postboks 8014 Dep
0030 Oslo

HØRINGSFRÅSEGN/INNSPEL TIL DEPARTEMENTET SI HØRING AV EUs TENESTEDIREKTIV

Frå internettsida til Nærings- og Handelsdepartementet har vi henta ned høringsbrevet av 22.12.2006, dykkar ref. 200604938-1/SMS, og den norske versjonen av direktivteksten. På bakgrunn av studie av teksten og deltaking i konferansar om direktivet og følgjene av det behandla årsmøtet i Nordland RV direktivet som sak i møte 11. februar 2007 i Bodø.

Hovudkonklusjonen vår er at EUs tenestedirektiv vil vere svært skadeleg både for **arbeidsliv** og **tenestekvalitet** hos oss.


Sidan tenester må bli produsert der dei skal bli "konsumert", må ein "grenselaus" tenestemarknad i Europa innebere **grenselaus flyt av tenestearbeidarar**. Ein slik arbeidsmarknad vil **rive opp både lokalsamfunnsband og familieband**. Mellombels bu- og arbeidsstad kan bli norm både for menn og for kvinner. Norske tenesteprodusentar må konkurrere med "leverandørar" i heile EU/EØS-området, ikkje berre innafor bygg og anlegg, men innafor reinhald, eldreomsorg, delar av helsesektoren osv.

I dag er arbeidsmarknaden hos oss stram. Få er arbeidslause. Den opne arbeidsmarknaden skaper små problem for norske arbeidarar. I EU er arbeidsløysa i gjennomsnitt rundt 8 %, i nokre land langt høgare. Viss arbeidsløysa hos oss ein dag kjem opp på EU-nivå, vil konkurransen i den opne tenestemarknaden gjere kamp for høgare løn i norske bransjar svært vanskeleg - og det ville bli eit sterkt **press på norske lønningar nedover**. Ikkje berre lønna, men heile systemet med tariffavtalar og sterke fagorganisasjonar vil kome under press.

Når det gjeld tenestekvalitet synest høve til å fremje reklamasjonar og klager å bli svært vanskeleg når den ansvarlege tenesteleverandøren berre kan nås utanlands – og når klager truleg må bli sett fram både på eit framandt språk og i høve til eit anna land sine lover. Berre dei mest ressurssterke økonomisk vil kunne sikre kvalitet – og eventuell klage.

Nordland RV rår regjering og Storting til å reservere seg (legge ned "veto") mot at dette direktivet blir del av norsk lovverk. Alternativt må regjeringa sikre ei brei og uavhengig konsekvensvurdering som grunnlag for ein siste høringsrunde seinare.

Før styret i Nordland RV


Einar Jetne

Sekretær og fylkestingsrepresentant